

Mo Laksegard
v/Bjørn Moe
4230 Sand

SAND 17.03.2023

NVE

Postboks 5091, Majorstuen,
0301 OSLO,

Dykkar ref.: 202110302-4

Ripping i Suldalslågen 2023

- Konsekvensar ved val av rippingstidspunkt.

Innleiing

Som elveigar, og dagleg leiar av Mo Laksegard i Suldal vil eg innleiingsvis uttrykkja glede for at Suldalslågen nå vert rippa. Det kan vera eit godt tilskot til å styrkja den naturlege reproduksjon i elva.

Eg er derimot ikkje einig i dei to rippetidspunkta som er valt. Det må gå an å tilpassa tidspunktet til ei tid på året som ikkje får konsekvensar for sportsfiske, og andre aktivitetar basert på tilreisande turistar, til dømes rafting og laksesafari.

Oppsummering:

Dette brevet tek for seg uro og framlegg til endringar i tidspunktet for ripping i Suldalslågen i 2023. Eg, elveeigar og dagleg leiar av Mo Laksegard, Bjørn Moe, er nøgd med at elva no skal rippast, men er ueinig i valet av rippeperiodar som er fastsette. Eg peikar på at dei valde periodane kan ha alvorlege konsekvensar for sportsfiske, reiseliv og andre turistbaserte aktivitetar som laksestudio, rafting og laksesafari. Eg understrekar òg at konsekvensane for Suldal som reiselivskommune er større enn byrden elveeigarane i Suldalslågen må bera.

Brevet skildrar økonomiske konsekvensar for lokale bedrifter og gir konkrete døme på korleis dei valde tidspunkta kan føra til inntektstap og negativt omdøme. Eg argumenterer for at ei endring i rippeperioden bør baserast på vitskapleg og lokal kunnskap, i tråd med naturmangfaldlova. Eg føreslår å endra tidspunkta til:

- * Periode 1: Anleggstart 25 juni
- * Periode 2: Anleggstart 1. oktober

Begge alternativa er kunnskapsbaserte. Dette vil kunne redusera konsekvensane for reiselivsverksemd, samstundes som det tek omsyn til livssyklus og forvaltning for laks og sjøaurestammene i Suldalslågen.

Auka etterspørsel og konsekvensar av valde rippetidspunkt

Suldalslågen har dei siste åra nådd nye høgder når det gjeld etterspørsel og popularitet. Beste fangst på 50 år i 2022. Dette gir gjenlyd, og pr. første januar 2023 i år var så og sei heile sesongen allereie full booka.

Mange vart difor overraska den 14. februar då Forvaltningslaget i Suldalslågen sende ut melding og papira om at all ripping i år ville liggja innafor fisketida. Eg tok kontakt med Statkraft og NVE for å sei noko om dei alvorlege følgene det kunne få. Tilbakemelding var at det gjekk å senda inn meningsytringar om dette.

14 dagar etter, 28. februar, fekk me høyra at kommunen hadde motteke eit høyringsbrev frå NVE om saka, med svarfrist 1. april. Me vil gjera vårt syn klart for Statkraft, Statsforvaltaren, NVE, Suldal kommune, Suldal Vekst, Suldal Jakt og fiskelag, Suldal Næringsforening, Suldalslågens Forvaltningslag, Norske Lakseelver, og andre som arbeidar for Suldalslågen, reiseliv, og næring i kommunen vår. Konsekvensane av å velgje tidsrom for rippinga går mykje lengre for reiselivskommunen Suldal enn byrda elveigarane i Suldalslågen må bera.

Inntektstap og negativt omdømme

Den låge vassføringa i rippetida kan forringa produktet dei fleste elveigarane har å tilby, og dermed gi inntektstap. Me har hatt ute nokre følarar om korleis fiskarane som har tinga fiske i 2023 ser på å fiska i ei elv med så lita vassføring som er tenkt under rippinga. Nokre av dei har alt gitt til kjenne at dei vil trekkja seg, og stå over denne sesongen dersom rippetidspunkt vil stå fast. Ut frå dette kan det vera grunn til å frykta at det kan gjelde ein god del fleire bestillingar. Laksefiskarar flest har ein positiv innstilling til rippinga, men det vert fort motførestillingar når ein spør om det verkeleg er naudsynt å gjennomføra dette i den absolutt beste fisketida. Ein kan fort risikera negativt omdømme for Suldalslågen, eit omdømme me møysommelig har bygd opp over mange år. Ikkje minst dersom ein fortel at det kan bli liknande forhold også neste år.

For min eigen del. Mo Laksegard er ein av dei som sel og formidlar flest fiskekort. Me har tilbod om 22 fiskeplassar i døgnet. Saman med sal av overnatting i våre hytter og hus, så er dette bærebjelken i drifta vår. Eit døgn fullbooka i fisketida representerer kr. 30 000,-, der halvdelen av dette er sal av fiskekort. I tillegg kjem omsetning av mat, drikke og andre tenester til fiskarane.

I heile elva kan det vera meir enn 130 personar som fiskar om dagen og ein kan da forstå kva verdiskaping dette gir i lokalsamfunnet.

Laksestudioet i Suldalslågen er ein av dei største turistattraksjonane i Suldal. Å sjå oppvandring av laksen appellerer til både store og små, og folk reiser langvegs for å få dette med seg. Ei så redusert vassføring som det er lagt opp til, gjer det svært vanskeleg å driva laksestudioet både grunna låg vassføring og driv av mose. Når det i tillegg kjem i fisketida, som samlar så mange fiskeinteresserte, så er det eit stort tap for reiselivet i Suldal.

I 2023 kan ein forventa større innslag av pukkellaks i elvane i Noreg. Sjølv om me ikkje er så sterkt råka som elvane i nord så ser me at det er aukande innslag også her på sør vestlandet og i Suldalslågen. Største del av innsiget av pukkellaks vil koma i den planlagde rippe tida. Sandsfossen er eit hinder og bremse for oppvandring av oppdrettsfisk, det er grunn til å tru den også vil hindre pukkellaks på vanleg vassføring. All fangst av pukkellaks har så langt skjedd nedanfor Sandsfossen. Det er grunn for uro for at pukkellaksen har lettare for å forsere Sandsfossen ved lita vassføring.

Me driv og andre aktivitetar i elva, Laksesafari© og Rafting. I tida som ein foreslår å halde elva på 20m³/s, 30 dagar) vil det vera umogleg å gjennomføra desse aktivitetane. Ut frå erfaringstal i fjor representerer dette ca. 200 000 kr.

Kunnskapsbaserte forslag til endring av rippe tidspunkt i Suldalslågen i samsvar med Naturmangfoldlova

Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)

§ 8. Kunnskapsgrunnlaget:

«Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.»

«Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.»

Med bakgrunn i Naturmangfoldlova ser me at både vitenskapleg og lokal kunnskap skal leggjast til grunn ved fastsetjing av inngrep, og dette skal vurderast opp mot effekt av påverkingar.

Me har hatt ei lang og omstendeleg utgreiing av tilstandane og forhold i Suldalslågen. Særleg i samband med Ulla Førre utbygginga, der Statkraft er regulant, vart det gjennomført konsekvensutgreiingar av reguleringa, manøvreringa av vass føringa og omfattande undersøkingar av fysiske, kjemiske og ikkje minst biologiske tilhøve i Suldalslågen. Dette er kunnskap som bør kunne nyttast, og me vil derfor fremje nye forslag til rippe tidspunkt basert på kunnskap som ligg føre.

Kunnskapsbaserte forslag til endring av rippe tidspunkt:

Slik Statkraft har søkt om så ønskjer dei å arbeide i 2 periodar.

Første periode: 15. – 30 juli


Slik me har tolka det, er det omsyn til «swim-up» situasjonen for lakseungar som gjer at ein har valt å utsetja ripping til start 15. juli.

Forskningsrapport på dette feltet (rapporten er vedlagt) syner den at «swim-up» til lakseungar, meir og mindre er over 15. juni. Dett er henta frå LFI si forskning henta frå rapport Det er derfor grunn til å tru at om ein startar arbeidet 20. juni, eller nokre få dagar seinare, så unngår ein påverking på «swim-up». Her må ein og merka seg har at Statsforvaltaren har nemnt 1. juli som start.

Ein føreslår anleggstart for 1. periode 25 juni 2023

Effect on newly emerged fry from increase in discharge

Fig. 3. Numbers (N/minute) of fish yearlings of brown trout and Atlantic salmon drifting in Suldalslågen during different periods from 15 April to 15 June in 1991, 1992 and 1993.



Som ein ser av figur 3 i artikkel om drift av yngel (artikkel 39) startar sannsynlegvis swim up mellom 25. mai og første juni, og er over innan 15. juni. Klekking skjer ein måned tidlegare (64). Effekt av ripping eller fjerning av mose og sand på fisk finn ein i art.52. Effekt av ripping som i sin tid vart gjort på fisk og botndyr finn ein og i to rapporter frå Lakseforsterkningsprosjektet. Desse er vedlagt. Som det frem går vart rippinga den gong utført på tørrlagt elveareal og hadde derfor inga konsekvensar for verken fisk eller botndyr, men en positiv effekt på tettleik av lakseungar.

Andre periode 15. til 30. september.

Her har me forstått forvaltninga sitt standpunkt, at ein ved å legge rippinga til denne perioden ikkje vil påverka gyting av sjøaure i Lågen, og vil derfor avslutta ripping før 1. oktober og når sjøauren startar gyting.

I 2021 vart rippinga gjort i oktober. Så vidt eg veit har det ikkje blitt lagt fram nokon resultat som viser at gytinga til sjøaure vart øydelagt den gongen. Det har heller ikkje vore råd å finna nokon rapport om nøyaktig gytetidspunkt for sjøauren i Suldalslågen og kor den gyt.

Me som har levd livet vårt ved elva, og har følgt med på sjøauren, har aldri kome til tenke på at det skulle vera gyting av aure i elva så tidleg som oktober. Derimot hende det me såg aure på bekkene seint i oktober. På sidebekkene kan det førekomma gyting tidlegare enn i elva, då temperaturforhold her gjer at aureyngelen kan ha tidleg klekking, og ta til seg og nyttiggjera seg næring før enn i hovudvassdraget. Suldalslågen er som kjent sommar kald (førsommar) og haust/vinter varm. Det er temperaturen som har stor innverknad på gytetidspunkt på laksen som for dei fleste individ er seint desember og i januar.

I diskusjonar med fagfolk som har arbeidd nært med aure, er det grunn til å tru at auren gyt litt før laksen, men den må heller ikkje gyta for tidleg ute i elva. Av så og sei alle dei fagfolk eg har snakka med, så trur dei at gytetidspunkt for auren mest sannsynleg vil vera i november og noko i desember. Sein gyting hjå laks og aure, skuldast at grunnvatn (som det er mykje av i Suldalslågen) gir en raskare utvikling av rogngrunna høgare temperatur. Det er også kjent frå nokre elvar med laks at aure vel å gyte i bekker. Dette fordi den gyt tidlegare enn laksen, og dermed risikerer at gropene vart øydelagde av laksegytinga.

Ein av fagfolka uttalte: Å gjera arbeid i elva (ripping) i første del av oktober vil vera uproblematisk med god margin.


Med dette grunnlaget meiner me at 2. del av ripping bør startast 1. oktober

Konklusjon

Det er viktig å finna eit tidspunkt for rippinga som ivaretek både økosystemet og næringsinteressene i Suldal. Difor er det naudsynt å revurdere dei valde tidspunkta for rippinga i 2023 og framover, og å samarbeida med alle involverte aktørar for å finna eit betre tidspunkt som i mindre grad råkar sportsfiske, turisme og det lokale næringslivet.

Med venleg helsing

Mo Laksegard



Bjørn Moe

Dagleg leiar